Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Transport av höy

Oppskr. av: Jens Børretzen

(adresse): Sandeid

Fylke: Rogaland

Herad: Sandeid

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
Sjølvsagt og höyrt av gamle folk.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Transport av höy

SVAR

1) Det har vore so at husmenn og dei
som hadde lite bruk laut vera meir
um seg etter for enn dei som hadde
större gardar. Dei nytta meir ut-
slåtter og skrapslått og laut nytta
andre måtar for å få höyet fram.
Utlöer har ikkje vore nytta og
stakking ~~som~~ har vore prövd, men
veret har vore og er so vått, at
höyet vert mykje öydelagt.
Sumne har slege nokko kring
stölane og nytta stölshusi til å ha
höyet i. Dei som hadde hest, drogo
höyet heim på vinterföre. Dei som
ikkje hadde hest nytta kjelke.
No er det heilt slutt på fjell-
og markaslått. Her i bygdi har
berging av höy frå fjell- og utslåtter
ikkje hatt nokko sers å segja for utveer-
hardt. I dei siste 30 år veit eg
berre um eit par stader det har vore
i bruk.

2) Fram til turkestar vart höyet
bore på börstang. Hesjar vart ikkje
nytta til turking av småhöy. Kvekji

1273

i utslåtter eller for småhöy frå
„skrapaslått" på heimaböen".
Der det var bratt lende hende
det at ein nytta „sloa", hogg
ei ungbjörk eller or og la rå-
höyet på greinene og drog etter
rotenden. Eg såg aldri ein nytta
tog i sloa. Ein drog eit par
börar råhöy på sloa.

Ein „fengde" höyet ved ein
„böra". Var vegen lang sette ein
„knepping" yver böri og böratoget
lauft yver kneppingi. Böra såg
då ut som ein vanleg högballe.
Ein bar aldri höyböra som
„fatlabör" og aldri „henjaksla".
Endane av toget låg yver eine
aksli. Var ein tvo um å „böra"
hjelpte den eine han som bar
til „å koma på fot." Anten
lyfte han i böri bakifrå eller
han drog i endane av toget
framfyrefrå.
Bottne höysekker har ikkje
vore brukte her i bygdi i dei
siste 50 åri. I grannebygdene
nyttast dei og kallast rådder.
Born var med frå dei kunde
gagns arbeid gjera. Dei rakte
og bar. Her hev ikkje vore
nytta löypestreng. Trillebör
eller böra har aldri vore brukt.
3) Sjå svar til 1.
1273 4) Til å ~~kjöre~~ köyra höyet til löa

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

på vart bil for ein lev år sidan nytta „Drægsle". Han var laga som ein vanleg „vaasle", men hadde tri langsgåande „renna" som var böygde upp bak. Frå framenden av sleen gjekk langs sidene ein gram stokk til toppen av remen, böygde so kring bakenden og gjekk fram på andre sida:




1. meie
2. karbein
3. reme

Elles at kjøre kom i bruk vart dei også tekne i bruk til høy sleden. Dei vart til „hjulsle". Framme vart nytta „drag" som på „vea sleen". Dette var i bruk til for få år sidan og nyttast kanskje enkelte stader enno, der det er „gjeint og ulendt" lende.

Ikring sleden vart sett ei grind, stundom berre framme og bak. Oftast var grinda berre slegen fast på einfaldaste måte.

Dei som var meir vande på det hadde ein eigen høysle. Han var laga hol for opstandarane i grinda, so ho kunde lyftast av og på.

Høyet vart „feng" som til bering.

Høygaffel kom i bruk: 1900-1920.

Til å festa lasset nytta ein „høytong" og „høyband" (taug)

Ein likte best heilvakse „høytong" 

Høytong (gjølvaksen).

1273

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Der greinene møttest var bora eit hol til å tra høybandet gjenom. På endan av bandet vart sett ein knapp. Mitt på tverbreet ~~stot~~ vart sett ein sterk tapp som høybandet vart dregi rundt då ein knuppte lasset.

Det siste av høyet kalla ein „etteraksler". Det vart vel opp-rakt og lagt på lasset.

Hadde ein ikkje „høytong" skulde ein brukka ein vanleg „knepping" anten med „hegl" eller „svin-okkje". Han var omt. 1/2 m lang 4–5 cm breir og 3–4 cm tjukk helst av ask. Det var bora hol i begge endar nokre tumar innpå. Gjenom desse holi var kneppetoget trædt:


1. Svinokkje.

Eg har alldri høyrt stiknar millom sumar- og vinteralass. Berre ein hest vart brukt:

5) Fellesslått har her alldri vore.

6) Sjå svar 1.

1273

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING